

Orientering til kontaktlærer

UWC Leirskule har flott beliggenheit langs ved Flekkefjorden i ei skjerma bukt på Haugland i Fjaler kommune. Vi kan tilby spennande og lærerike aktivitetar i eit unikt internasjonalt miljø prega av mykje uteliv:

- “Livet ved kysten” er hovedtema for veka.
- Vi har praktisk og teoretisk sjøvettundervisning.
- Vi gir elevane muligheit til å bli kjent med ungdommar frå heile verda!
- Vi har fokus på miljø og bærekraft.
- Vi bygger fellesskap og evne til samhandling.
- Elevane får meistringsopplevingar ved til dømes fjellklatring.
- Dåke får god mat tilberedt av kjøkkenet tre gangar om dagen.

For å sikre eit triveleg leirskuleopphald må alle vere med å bidra. Under følger nokon punkt som er greitt for deg som er kontaktlærer å tenke gjennom.

Kontaktslæraren si oppgåve

- Leirskulelærarane har ansvar for gjennomføringa av programmet. Vi er imidlertid avhengig av engasjement og hjelp undervegs i undervisningssituasjon.
- Kontaktlærer sender elevliste, og bestemmer fordeling på romma, 4 eller 8 på kvart rom. Lærer/leiarar har ansvar for ro og orden på internata, og i fritida. Dette inneberer også at dykk må vere sovande nattevakt. Det vil imidlertid vere bemanna på UWC Leirskule fram til kl 18.00 kvar dag, og nokre dagar lenger. Dykk får utdelt telefonliste med telefonnummer til leirskulelærer ved ankomst.
- Bading er ein populær aktivitet. Kontaktlærer er ansvarlig for å innhente tillating frå foreldre/føresatte for at elevane kan bade. Dette pga. regelverket om bading i skuletida. Vi ber om å få tillatinga skriftleg. Ved bading i basseng i leirskuleprogrammet stiller vi med badevakter. Det er imidlertid viktig at medfølgjande lærarar også er med og «har et overblikk» over elevane under opphold ved sjøen. Dykk har sjølv ansvar for sikkerheit ved all bading utover organiserte aktivitetar.
- Om din skule er sett opp saman med ein annan skole (noko som er svært sannsynlig), vil dykk bli delt inn i grupper på tvers av skulane. Erfaringsmessig er dette gunstig for alle partar, og nye vennskap blir danna. Dette får dykk meir informasjon om ved ankomst.
- På UWC Leirskule er det ikkje tillat at borna har med seg telefon. Dette for å gi borna ei frisone for sosiale media og gi dei betre muligheit til å vere til stades i augneblinken. Vi oppfordrar kontaktlærer om å samle desse inn før ankomst leirskulen. Kontaktlærer kan ha med mobiltelefon som føresette kan henvende seg på.

- Nærare orientering vil bli gitt i eige møte med lærarane ved ankomst. Men ta gjerne kontakt med oss dersom behov for meir informasjon i forkant!

Lommepengar

Bør om mulig vere likt for alle. Kiosken er open tysdag og onsdag med sal av brus, sjokolade og chips m.m. Vi anbefaler at elevane har med seg kr 150,- men dette er kun meint som utgangspunkt for dykk. Det er også mulig å kjøpe leirskule t-skjorte og denne kostar kr 200,- Elevane kan ha med ekstra pengar til dette.

Kveldsunderholdning:

På leirskulen er det aktivt program også på kveldane. Torsdagskvelden er det avslutningsfest og då har deltakande klassar ansvaret for programmet. Vi oppfordrar alle klassane til å forberede noko dei kan forberede for alle som er på leirskulen. Innhaldet kan vere presentasjon av heimplassen, leik og moro, dans, sang eller noko kulturelt. Dette kan elevane gjerne forberede i forkant av leirskulen, eller dåke kan gjere det etter ankomst. Ved spørsmål rundt dette – ta gjerne kontakt med leirskulelærar i forkant av opphaldet.

Tema

Temaer som blir tatt opp i leirskuleundervisninga har samanheng med bl.a. naturfag, samfunnsfag og engelsk. Vi lærar om livet langs kysten, miljø, ulike nasjonar og kulturar. Engelsk språk er også viktig del av leirskuleundervisninga då mange av aktivitetane blir leia på engelsk og vi opplever at elevane blir mykje tryggare i språket i løpet av leirskuleveka.

Reise

UWC Leirskule ligg på Haugland i Fjaler kommune, 50 min sør for Førde og ca 3 timar nord for Bergen med buss. Klassa betaler sjølv for reisa fram og tilbake til leirskulen.

Pris for opphaldet

Prisen for leirskuleopphaldet er per 01.01.2020 kr 2295,- per elev. Innbetaling finn stad umiddelbart etter leirskuleveka. I denne prisen inngår:

- Frukost, lunsj (kald og varm mat) og varm middag
- 4- eller 8 mannsrom med WC og dusj. Nokre rom har toalett like over gangen.

Kvar klasse kan som hovedregel ha med ein lærar inntil 15 elevar og 2 lærarar inntil 30 elevar. Lærar/voksen utover dette betaler 2/3 av elevpris.

I tillegg vert undervisningskostnaden fakturert besøksskulens kommune. For skuleåret 2019/20 er undervisningskostnaden ved UWC leirskule kr 1200 per elev.

Vi ynskjer at alle skal vere so godt forberedt som mulig for ei topp veke på UWC Leirskule, og under har vi samle nokre gode tips både før, under og etter leirskuleopphaldet for deg som kontaktlærer.

Før leirskuleopphaldet

- Skulen må syte for at opphaldet er tinga i god tid og at kontaktlærer får informasjonen som kjem frå leirskulen.
- Læraren må lese nøye gjennom papira frå leirskulen.
- Fyll i all informasjonen og send tilbake på epost til leirskulen.
- Send epost eller ring om det er noko du lurar på! Dei fleste utfordringar kan løysast om vi veit om dei på førehand.
- Førebu elevane! Dei skal vere med på aktivitetar, bu tett i lag og treffe mange nye meneske, det er ikkje like lett for alle.
- I lag med klassa, førebu underhaldning til avslutninga på torsdags kvelden.
- Hugs at du også må pakke etter pakkeliasa
-

Hugs at det ikkje er lov for elevane å ha mobiltelefon og liknande på leirskulen. Avtal med elevar og foreldre om telefonane skal vere att heime eller om du vil samle dei inn og ha dei på rommet ditt i løpet av veka.

Under leirskuleopphaldet

- Snakk med oss om det er noko du lurar på!
- Ta bilete.
- Tenk på kva de kan lære av leirskuleopphaldet, både fagleg og sosialt.
- Ta vare på elevane, hjelp dei å komme i tid, å få med seg alt dei treng, få i seg nok mat og ikkje minst at dei kjem seg i seng i tide og får nok kvile.
- Hjelp til så alle finn noko dei meistrar i løpet av veka.

Etter leirskuleopphaldet

- Send oss gjerne ei tilbakemelding på veka.
- Om du har fine bilete vi kan få nytte, send dei gjerne!
- Ikkje la leirskuleopphaldet bli ei isolert veke i skuleåret. Ta tak i opplevingar som elevane har hatt og bruk dei vidare i klasserommet.

Vi ser fram til å møte dåke!

Venleg helsing,

Leonora L. Kleiven
Dagleg leiar

Joakim Janninge
Leirskuleansvarleg ved UWC Leirskule